



STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Hordaland Fylkeskommune
Kulturavdelinga
(sendast kun på e-post)

Dykkar ref.

Vår ref. 14/1105/1054 M

Bergen, 22.03.2019

Vedr. Reguleringsplan for settefiskanlegg i Herand - MOWI Norge AS. Forholdet til marine kulturminne – Resultat frå marinarkeologiske registreringar.

Vi viser til tidligare korrespondanse i saka. Museet varsla krav om marinarkeologiske undersøkingar i fråsegn dagsett 05.12.2018.

Bergens Sjøfartsmuseum gjennomførte 05 – 07.03.2018 dei marinarkeologiske undersøkingane i reguleringsområdet.

Konklusjonen frå undersøkingane er at det vart gjort funn som omfattast av Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, § 14. Desse er fjerna frå lokaliteten.

Vi har elles ingen andre merknader til reguleringa.

Det er mogleg at det kan ligge kulturminne i det aktuelle området. Vi gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Med vennlig helsing
for STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Thomas Bjørkeland
Marinarkeolog

Direkte telefon: 55549611

E-postadresse: marinarkeologi@bsj.uib.no

Postadresse
Postboks 7800
5020 Bergen

E-post: bergens.sjofartsmuseum@bsj.uib.no

Hjemmeside: www.bsj.uib.no

Kontoradresse
Haakon Shetelig's plass 15
5007 Bergen
Telefon: 55 54 96 00

Bankgiro
1602 40 76168

Org.nr.
980 769 798 MVA